



# Årsmelding og rekneskap 2020



**Årdal Energi Holding AS**

# Årsmelding frå styret

## Selskapsform



År 2020 er det 87. driftsåret for Årdal Energi Holding AS, om ein legg stiftinga av Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning til grunn. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning vart organisert etter at løyvinga for linjebygging til Farnes vart vedteken i heradsstyre 24.02.1933. Aardal Kommunale elektrisitetsforsyning fekk driftsløyve (mellombels) den 27. september 1933 og har sidan hatt kontinuerleg drift i fleire selskapsformer og namn.

Dette elektrisitetsverket vart teke opp i L/L Årdal Kraftlag, som vart stifta 25.11.1945. L/L Årdal Kraftlag vart vidareført (ved oppkjøp) i Årdal Kommunale kraftforsyning, som vart skipa den 22.07.1954. Årdal Kommunale kraftforsyning skifta namn til Årdal Energiverk den 01.01.1989, og vart frå same dato organisert som ei kommunal verksemd.




Etter vedtak i kommunestyret den 24.03.1994. vart namnet endra til Årdal kommunale energiverk. I same vedtak vart Årdal kommunale energiverk gjort om til ei kommunal særverksemd under Årdal kommune med eige styre etter § 11 i kommunelova. Årdal kommunestyre gjorde den 14.06.2001 vedtak om å gjera selskapet om til kommunalt føretak (KF). Namnet vart då Årdal Energi KF frå og med 01.01.2002.




Etter nye krav i Energilova gjorde Årdal kommunestyre vedtak om omdanning av Årdal Energi KF til to selskap, Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS, gjeldande frå og med 1. juli 2019. Kommunen oppretta samstundes eit nytt selskap Årdal Energi Holding AS, som eig Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS.

Konsernet Årdal Energi Holding AS består av Årdal Energi Nett AS, Årdal Kraftlag AS og Årdalsnett AS. Seimsdal Kraft AS som er eit tilknytt selskap, eig vi saman med 14 grunneigarar i Seimsdalen. Offerdal Kraftverk AS eig vi saman med Sognekraft AS og Veidekke Entreprenør AS.



Vidare eig Årdal Kraftlag AS selskapet Årdalsnett AS, og Årdal Energi Nett AS eig SEIS AS. Porten og Bluetec Vest er tilknytte selskap eigd av Årdalsnett AS

Morselskapet Årdal Energi Holding AS held til saman med døtrene Årdal Kraftlag AS og Årdal Energi Nett AS i Utladalsvegen 1 i Øvre Årdal.



Hovudforretningsområda er kraftomsetting, anna verksemd og nettverksemd. Føremålet med verksemda er formulert slik: Eige aksjar i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS, samt aksjar eller andre eigardeler i selskap som sjølv driv verksemd innanfor energi, eller i selskap som eig aksjar eller delar i slike selskap. Selskapet sitt føremål er vidare å forvalte Årdal kommune si interesse i Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS. Selskapa skal skaffe innbyggjarar og næringsliv sikker levering av fornybar energi til konkurransedyktige prisar. Selskapa skal skape verdier for eigar, kundar og lokalsamfunnet, og syte for ei turvande, sikker og kostnadseffektiv energiforsyning som tilfredsstiller dei til ei kvar tid gjeldande krava til miljø og overordna myndigheit, samt arbeide aktivt for god energioekonomi. I forvaltninga av eigarskapet til Årdal Energi Nett AS og Årdal Kraftlag AS skal det leggst vekt på at desse verksemdene tek omsyn til lokale arbeidsplassar, og at det blir bygd opp arbeidsplassar basert på kompetanse, ansvar og trivsel gjennom eit aktivt HMS-arbeid.

Konsesjonsområdet for nett er Årdal kommune med sine ca. 5600 innbyggjarar. Selskapet forsyner tettstadane Årdalstangen og Øvre Årdal samt dalane Naddvik, Moadalen, Utladalen, Fardalen, Seimsdalen og Offerdalane. Vi får overført straum frå Hydro Aluminium sine anlegg i Øvre Årdal og på Årdalstangen.



Ved årsskifte er om lag 3600 kundar kopla til nettet, som består av:

- 139 km med 6 – 22 kV linjer og jordkablar
- 244 km med lågspenlinjer og jordkablar
- 4 sekundærstasjonar, 149 større og mindre transformatorar (nettstasjonar/kioskar)

## Styret

Styret har i 2020 hatt følgjande samansetting:

### Medlemar:

Arild Ingar Læg Reid (styreleiar)

Kirsti Eklund (nestleiar)

Aleksander Øren Heen

Trude Gjerme Nessestrand

Stian Marius Bye

### Personlege varamedlemar:

Sigmund Solvoll

Marie Helene Hollevik Brandsdal

Thomas Norheim Moen

Stephan Øren

Jon Inge Øvrebø

Stian Marius Bye og Jon Inge Øvrebø er valde av og blant dei tilsette.



## Styresaker

Det har i 2020 vore halde 9 styremøte, der 35 saker har vore handsama.

## Helse, miljø og tryggleik (HMS)

Selskapa Årdal Energi Nett og Årdal Kraftlag er sjølvstendige medlemar i Bedrifthelse1. Alle våre tilsette har dermed eit tilbod gjennom bedriftshelsetenesta.

Samla sjukefråvære for 2020 var på 3,3 %. Bruk av eigenmelding utgjorde 0,6 % av fråværet.

Det vart meldt inn 69 uønskte hendingar/forbetningsforslag i 2020, som er ein liten auke i innmeldte hendingar sidan i fjor. Desse hendingane vart handsama administrativt, og tiltak er sett i verk.

Innrapporterte hendingar vart kategorisert slik: 3 alvorlege saker innanfor områda: nestenulykke (1), elektrisk utstyr og anlegg (2). I tillegg var 56 saker registrert



som mindre alvorlege saker.

Årdal Energi Holding har gjennomført månedlege personalmøter der HMS står først på agendaen. Det er gjennomført førstehjelpskurs for alle tilsette. Årdal Energi Nett har i tillegg gjennomført lovpålagde kurs i firing av skadd person ned frå stolpe og kurs i tryggleik ved arbeid i og drift av elektriske anlegg (FSE).

Årdal Energi Holding, gjennom sal av rein vasskraft, ureinar ikkje det ytre miljøet. Årdal Energi Holding er med på den kommunale renovasjonsordninga og har ein eigen avtale med eit lokalt firma for handtering av jern/metall og anna brennbart avfall.

## Likestilling

Årdal Energi Nett og Årdal Kraftlag har 3 kvinner og 13 menn tilsett ved utgangen av 2020. Verksemda har som målsetjing å ha ein arbeidsstokk og eit avtaleverk som sikrar likestilling. Lokalitetane er godt tilpassa begge kjønn.

## Arbeidsområde gjennom året

Også 2020 har vore eit aktivt år for Årdal Energi Nett. Vi har starta arbeidet med å sikra straumforsyninga til Seimsdalen og Offerdalen. Arbeidet består av å utvida K015 med ny transformator og koplingsanlegg. Stasjonen vert og tilpassa for å ta i mot straumforsyning frå Offerdal Kraftverk.

Lågspennettet i Sandgota er forsterka. Dette er gjort i samarbeid med Årdalsnett sitt fiberprosjekt. For å sikra persontryggleiken til driftspersonell, er det høgspente brytaranlegget i nettstasjonane K034 (v/ Kaivegen 5) og K002 (v /Hagavegen 26A), skifta ut

Arbeidet med omlegging av Fardalslinja frå Øvstetun til Berge, vart avslutta i 2020. Dette betyr at linja opp til Berge no er ny, og etter dagens standard. Det har også vore arbeid med å oppgradera driftssentralen, då denne var utrangert. I samband med Ljotelitunellen har vi arbeid med å få på plass trekkerøyr for kabel, samt flytta endemast etter ynskje frå entreprenør og Statens vegvesen.

Andre noko mindre, men viktige prosjekt, har vore utskifting av steinfilter under hovudtransformatorane på Årdalstangen. Der har vi oppfylt DSB sitt krav til nye brannsikre rister. Ei blank lågspennlinje i Flotavegen er lagt om til jordkabel og husa har fått ny kabel inn. Vi har bytta ut ein montørbil og halde fram med ombygging til NSO (nettstasjons- overvaking) i fleire nettstasjonar.




2020 har vore fyrste året vi har drifta den nye organisasjonen etter omdanninga av Årdal Energi KF i 2019. For montørane i nettselskapet er kvardagen mykje den same, men leiing og anna administrativt personell merkar godt at eitt selskap har vorte tre. Den IT tekniske kvardagen er vorte meir komplisert. Energibransjen er fortsatt i endring, og IT teknisk må vi heile tida oppdatera og endra oss. Oppgåver som vi før gjorde for eitt selskap, må no gjerast for fleire selskap. For eit lite integrert selskap som Årdal Energi KF var, merkar vi denne omdanninga med fleire og fordyrande oppgåver på same personell.

Det har lenge vore spennande å vente på konklusjonen rundt det funksjonelle skiljet. Funksjonelt skilje inneberer at nettselskapet skal driftast uavhengig av anna verksemd. Det betyr at leiing i nettselskapet ikkje kan delta i andre selskap i konsernet som anna verksemd. Selskap med mindre enn 10 000 kundar har no fått fritak for funksjonelt skilje, og dermed kan organisering av personell og oppgåver fortsette slik som det er i dag.


I 2020 er også avtalen mellom Årdal Kommune og Årdal Kraftlag AS om sal av konsesjonskraft iverksett. Kommunen sel vidare konsesjonskrafta si med unntak av det volum som gjeld i Norsun avtalen. Det skal forhandlast eit vederlag for Krafta kvart år innan 1. oktober med verknad frå 1. januar året etter. For 2020 utgjorde dette 9,0 MNOK.

## Distribusjonsnett


Overføring av elektrisk kraft er monopol-verksemd. For å sjå til at overføringa av energi vert gjort så effektivt som mogeleg, fastset NVE årlege inntektsrammer. Denne inntektsramma dannar grunnlaget for tariffane i vårt område.



Stolpediagrammet viser korleis prisane på nettleiga pr.01.01.2020 var for nettselskapa i fylket, samt snittet for fylket og heile landet. Det må nemnast at nettleiga er avhengig av bustadmønster og topografi i dei ulike leveringsområda. Prisane er utan avgifter og rekna om til å gjelda ved eit forbruk på 20.000 kWh/år (dvs at fastbeløpet er medrekna).




Stolpediagrammet viser Årdal Energi Nett si utvikling av energileddet i nettleiga for bustadar, utan avgifter.



Figuren viser korleis nettleiga vert fordelt


## Utviklinga i kraftprisane

Kraftmarknaden er fri og alle kan kjøpa krafta si hjå den kraftleverandøren dei ynskjer. Vi har som målsetting å halda ein konkurransedyktig pris til den lokale marknaden. For 2020 var marknadsprisen låg gjennom heile året, noko som var utfordrande. Marknadsprisen hadde eit snitt på 9,68 øre/kWh, mot 38,66 øre/kWh i fjor. Vår snittpris over året var 27,01 øre/kWh, prisane her er utan mva. Vi omsette totalt 139 487 MWh der 111 473 MWh er konsesjonskraft som vi disponerer etter avtale med Årdal kommune. Resterande 28 011 MWh er kjøpt i spot-marknaden i ein avtale med Hydro, som også utføre balanseavrekning for oss. Årdal Kraftlag har signert ein avtale med Årdal kommune om kjøp av all disponibel konsesjonskraft, for vidareasal.



Figuren viser områdeprisen for NO5 Bergen mot Årdal Kraftlag sin kraftpris for 2020. Prisane er eks. avgifter.

Kilde: NordPool / Årdal Kraftlag



Figuren viser Årdal Kraftlag sin utvikling av årleg snittpris på kraft, i øre/kWh, utan avgifter.

## Samarbeid / samanslutningar

Samarbeidet innan SEIS AS er vidareført, der vi nyttar dette organet til samarbeid og informasjonsutveksling, slik at alle partar kan gjera kvarandre betre. Fleire av dei andre eigarane har vurdert felles nettselskap, dette vert no ein realitet frå 2021. Dette har ført til at det øvrige samarbeidet har vore nedprioritert i 2020.

Gjennom Nettalliansen har vi eit godt samarbeid gjennom vårt eigarskap og deltaking i ulike prosjekt. Årdal Energi Nett AS vert introdusert for stadig nye prosjekt. Nokre kjem som pålagte endringar gjennom NVE/RME, og andre vert initiert av Nettalliansen. Gjennom deltaking og implementering krev dette mykje ressursar til ei kvar tid. Vi ser og at dette er økonomisk utfordrande, men på sikt skal desse synergi prosjekta gje medlemmane økonomiske fordeler gjennom gode avtalar.

Elles har vi bidrege med ansvarleg for arbeid (sakyndig driftsleiar) for Seimsdal Kraft.

For å ivareta lærlingane våre, har vi eit godt samarbeid med Sogn Opplæringskontor.

## Planar

For 2021 har vi framleis fokus på nett-modifikasjonar for ytterlegare å gje kundane ei så stabil kraftforsyning som mogeleg. Vi kjem til å skifta ut høgspenst koplingsanlegg i to nettstasjonar på Årdalstangen og re-investera i delar av høgspenstkabel mellom Årøy og Naddvik. Prosjektet i Seimsdalstunellen vil halda fram. Dette vil medføra utskifting av kablar



gjennom tunellen. Elles startar Årdal Energi Nett samtalar med Hydro for å finna ei løysing med nye kablar mellom vår K130 og Hydro sitt anlegg. Dette krev graving på Hydro sitt fabrikkområde. Arbeidet med ombygginga i K015 i Seimsdalen vil halda fram i 2021. Det same vil straumforsyninga til Ljotelitunellen gjera.

Årdal Kraftlag leverer no administrative tenester til fleire selskap. Med same tal tilsette, er det her viktig å ha gode IT tekniske løysingar som gjev god effektivitet i arbeidet, for å få ned unødvendig administrativ tid. I kraftselskapet må det vidare vurderast nye marknadsområder for selskapet. Gjennom dette arbeidet må ein også då sjå på organisasjon og oppgåver.

## Konsern og deleigde verksemdar

Årsresultatet for konsernet visar eit overskot på kr. 1 245 130,-. Samla sett er det god drift i selskapa, men prisane på kraftmarknaden har gjort sitt til at resultatet samla er dårlegare enn fjoråret.

### **Årdalsnett AS**

Verksemda går godt med god utvikling på både omsetning og tal kundar. Kundetalet har vore veksande. Selskapet har hatt fokus på å ferdigstille fiberutbygging på Tyinkrysset og har starta planlegginga med omlegging til ny TV signal distributør. Resultatet går ned i høve til 2019, ein har difor sett på strukturendringar i organisasjonen for arbeida meir aktivt på kundesida. Utfordringa framover kan vera at kundar seier opp TV abonnementet for å gå over til streaming.

### **Seimsdal Kraft AS**

Kraftverket har hatt god drift og produsert 21,4 GWh i 2020, dette er ein auke i produksjon på 5,3 GWh i høve til året før. Det det var ein jamn og fin produksjon heile året, men unntak av mars då det var ein lengre stans. Prisane var som kjent låge i heile 2020. Som ein følgje av det vart resultatet negativt for fyrste gong, resultatet vart kr. -137.174,- mot kr. 1.324.151,- året før.

### **Offerdal Kraftverk AS**

Verksemda har fått konsesjon for utbygging av to kraftverk i Indre- og Ytre Offerdalen. Fjordkryssinga er no vedteken gjort om til sjøkabel, i staden for linje. Fokuset i 2020 har vore å få til løyve til tilknytning av kraftverka til nettet i frå Statnett. Fyrst når ein får eit endeleg vedtak om dette, kan eigarane gjera endeleg vedtak om utbygging.

## Våre verdier

### Trygg

### Offensiv

### Lagspelar

Desse verdiane skal vera eit grunnlag for alt vi gjer.



## Strategi og framtidsutsikter

Årdal Energi Nett si hovudoppgåve er å bygga driftssikre fordelingsnett som syter for færre og kortare avbrot til det beste for kundane i Årdal. Årdal Energi Nett skal vidare ha ein sunn og god økonomi, som gjev rett pris til kundane våre. Nettselskapet merkar godt ei strammare regulering frå NVE/RME, og ein stor vilje til konsolidering. Dei store selskapa set malen for effektivitet, noko som allereie er vorte utfordrande for mindre nettselskap. Me meiner at reguleringsmodellen ikkje heilt passar alle selskap, noko som fører til skeivheiter i samanlikningsgrunnlaget.

Årdal Kraftlag må sjå på korleis ein kan sikra seg mot stort prisfall i marknaden for framtida. I tillegg må ein vurdera tariffstrukturen, slik at den harmonerer med bransjen. Selskapet skal levere same vara som andre selskap i bransjen, men då med fleire tariffar. I tillegg må ein vurdera nye oppgåver som kan vera med på å auka omsetnaden, og dermed då kanskje bemanninga også.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvissande bilete av selskapet sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat.

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a blir det stadfesta at føresetnadene om framleis drift er tilstades. Til grunn for dette ligg resultatprognosar for 2020 og selskapet sine langsiktige strategiske planar for åra framover. Selskapet er i ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Øvre Årdal, 07.06.2021  
Styret i Årdal Energi Holding AS

*Arild Ingar Lægroid*

Arild Ingar Lægroid  
styreleiar

*Jørgen T. Luggenes*

Jørgen Tomas Luggenes  
dagleg leiar

*Trude G. Nessestrand*

Trude Gjerme Nessestrand  
styremedlem

*Kirsti Eklund*

Kirsti Eklund  
nestleiar

*Stian M. Bye*

Stian Marius Bye  
styremedlem

*Aleksander Øren Heen*

Aleksander Øren Heen  
styremedlem



# Resultatrekneskap

## Årdal Energi Holding AS

Morselskap		Konsern			
2019	2020	Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019
		<b>Driftsinntekter</b>			
0	0	Kraftsal sluttbruker	2	27 385 876	38 304 028
0	0	Overføringsinntekt	2,4	29 901 825	34 286 835
0	0	Abonnementsinntekt	2	24 466 023	21 836 103
0	8 333	Anna driftsinntekt	2	6 750 712	13 767 197
<u>0</u>	<u>8 333</u>	<b>Sum driftsinntekter</b>		<u>88 504 436</u>	<u>108 194 163</u>
		<b>Driftskostnader</b>			
0	0	Kjøp av kraft, overføringstenester, varer	3	42 026 715	47 497 218
63 708	107 128	Lønnskostnad	5	21 284 901	20 071 515
0	0	Avskrivning	8,9	7 530 815	8 134 442
0	0	Nedskrivning		0	107 500
155 644	550 435	Annan driftskostnad	5	14 986 373	19 218 166
<u>219 352</u>	<u>657 563</u>	<b>Sum driftskostnader</b>		<u>85 828 804</u>	<u>95 028 841</u>
<u>-219 352</u>	<u>-649 230</u>	<b>Driftsresultat</b>		<u>2 675 632</u>	<u>13 165 322</u>
		<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
3 213 016	340 103	Andre finansinntekter	6	421 955	1 052 400
0	297	Andre finanskostnader	6	1 248 065	2 129 880
<u>3 213 016</u>	<u>339 806</u>	<b>Resultat av finansposter</b>		<u>-826 110</u>	<u>-1 077 480</u>
<u>2 993 664</u>	<u>-309 424</u>	<b>Oridnært resultat før skattekostnad</b>		<u>1 849 522</u>	<u>12 087 842</u>
-27 049	-140 616	Skattekostnad på ordinært resultat	7	604 392	2 809 914
<u>3 020 713</u>	<u>-168 808</u>	<b>Årsresultat</b>		<u>1 245 130</u>	<u>9 277 928</u>
		Minoriteten sin andel av resultatet		657 176	132 331
		Majoriteten sin andel av resultatet		587 954	9 145 597
		<b>Overføringer</b>			
0	0	Tilleggsutbytte	12	0	11 000 000
0	0	Avsett til minoritet	12	657 176	132 331
0	0	Overføring til/frå fond for vurderingsskilnad	12	-280 637	-229 753
3 020 713	-168 808	Avsett til annen egenkapital	12	868 591	-1 624 650
<u>3 020 713</u>	<u>-168 808</u>	<b>Sum disponert</b>		<u>1 245 130</u>	<u>9 277 928</u>

# Balanse

## Årdal Energi Holding AS

Morselskap						Konsern	
2019	2020	Eigedelar	Note	2020	2019		
		<b>Anleggsmiddel</b>					
		<b>Immaterielle eigedelar</b>					
0	0	Konsesjonar, patentar o.l	8	0	711 100		
27 049	167 665	Utsett skattefordel	7	995 384	1 825 684		
0	0	Goodwill	8	546 278	733 573		
<u>27 049</u>	<u>167 665</u>	<b>Sum immaterielle eigedelar</b>		<u>1 541 662</u>	<u>3 270 357</u>		
		<b>Varige driftsmiddel</b>					
0	0	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	9,13	11 262 239	12 931 223		
		Anlegg under utføring	9,13	1 527 919	0		
0	0	Overføringsanlegg, linjer, infrastruktur	9,13	109 048 418	106 474 223		
0	0	Transportmidlar og maskiner	9	3 433 675	3 494 881		
0	0	Driftsutstyr og inventar	9,13	5 229 300	6 462 200		
<u>0</u>	<u>0</u>	<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<u>130 501 551</u>	<u>129 362 527</u>		
		<b>Finansielle anleggsmiddel</b>					
103 448 768	103 448 768	Investeringar i dotterselskap	10	0	0		
1 002 606	1 002 606	Investeringar i tilknytt selskap	10	4 108 484	3 836 987		
2 210 400	2 710 400	Investeringar i aksjar og partar	10	2 912 400	2 442 400		
0	0	Andre langsiktige krav		1 553 543	1 179 490		
<u>106 661 774</u>	<u>107 161 774</u>	<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<u>8 574 427</u>	<u>7 458 877</u>		
<u>106 688 823</u>	<u>107 329 439</u>	<b>Sum anleggsmiddel</b>		<u>140 617 640</u>	<u>140 091 761</u>		
		<b>Omløpsmiddel</b>					
0	0	Varer		563 313	632 318		
		<b>Krav</b>					
0	0	Kundekrav	13	19 500 031	22 283 962		
0	0	Andre kortsiktige krav	4,7	6 773 971	5 521 471		
<u>0</u>	<u>0</u>	<b>Sum krav</b>		<u>26 274 002</u>	<u>27 805 433</u>		
68 935	97 589	Bankinnskott, kontantar og liknande	15	35 741 215	30 957 323		
<u>68 935</u>	<u>97 589</u>	<b>Sum omløpsmiddel</b>		<u>62 578 530</u>	<u>59 395 074</u>		
<u>106 757 758</u>	<u>107 427 028</u>	<b>Sum eigedelar</b>		<u>203 196 170</u>	<u>199 486 835</u>		



## Balanse

### Årdal Energi Holding AS

Morselskap		Konsern			
2019	2020	Eigenkapital og gjeld	Note	2020	2019
		<b>Eigenkapital</b>			
		<b>Innskoten eigenkapital</b>			
29 000 000	29 000 000	Aksjekapital	11,12	29 000 000	29 000 000
74 478 768	74 478 768	Overkurs	11,12	74 478 768	74 478 768
<u>103 478 768</u>	<u>103 478 768</u>	<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<u>103 478 768</u>	<u>103 478 768</u>
		<b>Opptent eigenkapital</b>			
0	0	Fond for vurderingsskilnader	12	2 462 507	2 834 381
3 020 713	2 851 905	Annan eigenkapital	12	18 140 199	17 525 894
<u>3 020 713</u>	<u>2 851 905</u>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<u>20 602 706</u>	<u>20 360 275</u>
0	0	Minoritetsinteresser	12	10 967 214	10 395 932
<u>106 499 481</u>	<u>106 330 673</u>	<b>Sum eigenkapital</b>		<u>135 048 688</u>	<u>134 234 974</u>
		<b>Gjeld</b>			
		<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	13	31 340 667	34 300 000
100 000	0	Anna langsiktig gjeld		10 000 000	10 000 000
<u>100 000</u>	<u>0</u>	<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<u>41 340 667</u>	<u>44 300 000</u>
		<b>Kortsiktig gjeld</b>			
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar		0	65 861
123 451	0	Leverandørgjeld	3,14	18 809 564	5 578 064
0	0	Betalbar skatt	7	453 000	2 636 727
29 826	14 672	Skyldige offentlege avgifter		5 294 874	8 312 527
5 000	1 081 683	Anna kortsiktig gjeld	14	2 249 378	4 358 682
<u>158 276</u>	<u>1 096 355</u>	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<u>26 806 815</u>	<u>20 951 861</u>
<u>258 276</u>	<u>1 096 355</u>	<b>Sum gjeld</b>		<u>68 147 482</u>	<u>65 251 861</u>
<u>106 757 758</u>	<u>107 427 028</u>	<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<u>203 196 170</u>	<u>199 486 835</u>

Øvre Årdal, 07.06.2021  
Styret i Årdal Energi Holding AS

*Arild Ingar Lægred*  
Arild Ingar Lægred  
styreleiar

*Jørgen Tomas Luggenes*  
Jørgen Tomas Luggenes  
dagleg leiar

*Trude G. Nessestrand*  
Trude Gjermo Nessestrand  
styremedlem

*Kirsti Eklund*  
Kirsti Eklund  
styremedlem

*Stian Marius Bye*  
Stian Marius Bye  
styremedlem

*Aleksander Øren Heen*  
Aleksander Øren Heen  
styremedlem

# Indirekte kontantstrøm

## Årdal Energi Holding AS

Morselskap			Konsern	
2019	2020	Note	2020	2019
<b>Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter:</b>				
2 993 664	-309 424		1 849 522	12 087 842
-3 213 006	0	10	0	0
0	-339 917	10	-113 764	-450 079
0	0	7	-2 636 727	-459 480
0	0	8,9	7 530 814	8 134 442
0	0	8,9	0	107 500
0	0	9	45 734	0
0	0	10	0	-473 418
0	0		69 005	185 279
0	0	13	2 441 193	-2 001 077
123 451	-123 451	3,14	13 494 979	-4 919 017
34 826	61 529		-6 003 863	-270 869
<u>-61 065</u>	<u>-711 263</u>		<u>16 676 894</u>	<u>11 941 123</u>
<b>Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter:</b>				
0	0	9	75 000	0
0	0	9	-8 791 795	-15 987 539
0	339 917	10	583 127	679 832
0	-500 000	10	-800 000	-100 245
<u>0</u>	<u>-160 083</u>		<u>-8 933 668</u>	<u>-15 407 952</u>
<b>Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter:</b>				
100 000	900 000	13	0	10 871 908
0	0	13	-2 959 333	0
0	0	12	0	-11 000 000
30 000	0		0	90 000
<u>130 000</u>	<u>900 000</u>		<u>-2 959 333</u>	<u>-38 092</u>
68 935	28 654		4 783 893	-3 504 922
0	68 935		30 957 323	34 462 244
<u>68 935</u>	<u>97 589</u>		<u>35 741 215</u>	<u>30 957 323</u>

# Notar til rekneskapen 2020

## Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge.

### Konsolideringsprinsipp

Konsernrekneskapen omfattar Årdal Energi Holding AS med dotterselskap. Konsernrekneskapen er utarbeida som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskapen er utarbeida etter einsarta prinsipp ved at dotterselskapa følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

Aksjar i dotterselskap er eliminert i konsernrekneskapen etter oppkjøpsmetoden. Dette betyr at det oppkjøpte selskapet sine eigedelar og gjeld vert vurdert til verkeleg verdi på kjøpstidspunktet, og eventuell meirpris ut over dette vert klassifisert som goodwill. Tilknytt selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen. I konsernrekneskapen er andel av resultat ført som finansinntekt og lagt til balanseført verdi og eigenkapital (eigenkapitalmetoden).

### Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metoden. Det blir tatt utgangspunkt i resultat før skatt og presentert kontantstraumar frå ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansierings-aktivitetar.

### Estimat

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leiinga nyttar skjønn.

### Salsinntekter

Inntekter ved sal av varer og tenester blir vurdert til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar, rabattar og andre avslag. Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på tidspunktet for levering.

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) regulerer nettselskapa si overføringsverksemd (monopolverksemd) gjennom å fastsette inntektsramme etter kvart reguleringsår. Inntektsramma med tillegg for kostnader til overliggende nett blir lagt til grunn for utrekning av tariffane. Ved endring i overført volum eller inntektsramma som ligg til grunn for tariffane vil det kunne oppstå ei meir-/mindreinntekt, som blir ført over driftsresultatet og bokført i balansen som gjeld eller fordring mot kundane. Meir-/mindreinntekta blir innkalkulert i tariffutrekningane for seinare år etter bestemte retningslinjer frå NVE.

### Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmiddel blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Fordringar blir klassifisert som omløpsmidlar viss dei skal tilbake-betalast innan eit år.

For gjeld er analoge kriterie lagt til grunn. Avdrag første år på langsiktige fordringar og langsiktig gjeld er likevel ikkje klassifisert som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld.

Enkelte postar er vurderte etter andre reglar. Postane det gjeld vil vere mellom dei som er omtala i avsnitta under.

### Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som er kjøpt enkeltvis, er balanseført til kjøpskost. Immaterielle eigedelar overtatt ved kjøp av verksemd, er balanseført til kjøpskost når kriteria for balanseføring er oppfylt. Immaterielle eigedelar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Immaterielle eigedelar vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom dei forventa økonomiske fordelane ikkje dekkjer balanseført verdi og eventuelle gjenstående tilverkingstgifter.

### Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir balanseført og avskrive lineært over den forventa utnyttbare levetida. Ved endring i avskrivingsplan blir verknaden fordelt over gjenverande avskrivningstid ("knekkpunktmetoden"). Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført løpande. Påkostningar eller utbetringar blir lagt til kostprisen til driftsmiddelet og avskrive i takt med driftsmiddelet. Skillet mellom vedlikehald og påkostning/utbetring blir rekna i forhold til den stand driftsmiddelet var i ved kjøp. Anleggstilskot til investeringar går til frådrag på aktiverte verdiar og blir dermed periodisert over investeringa si økonomiske levetid i form av reduserte avskrivningar. Tomtar blir ikkje avskrivne. Utgifter til leige av driftsmidar blir kostnadsført. Forskotsbetalingar blir balanseført som forskotsbetalt kostnad og fordelt over leigeperioden.

# Notar til rekneskapen 2020

## Investeringar i andre selskap

Investeringar i aksjar er balanseført til kjøpskost. Mottatte utdelingar blir resultatført som inntekt. Utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap blir tatt til inntekt i det same året som dotterselskapet avset beløpet. Utbytte frå andre selskap blir tatt til inntekt når utbyttet er vedteke.

## Nedskriving av anleggsmidlar

Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi, blir det gjort test for verdifall. Testen blir gjort for det lågaste nivået av anleggsmidlar som har sjølvstendige kontantstraumar. Viss balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og gjenvinnbart beløp, blir det føreteke nedskriving til det høgaste av salsverdi og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi. Bruksverdi er noverdi av framtidige kontantstraumar knytt til egedelen. Tidlegare nedskrivingar, med unntak for nedskriving av goodwill, blir reversert viss grunnlaget for nedskrivinga ikkje lengre er til stades.

## Varer

Lager av innkjøpte varer er vurdert til det lågaste av kjøpskost og netto salsverdi.

## Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjennomført på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjennomført ei uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

## Pensjonar

Premiar til innskotsbasert pensjonsordning organisert gjennom livsforsikringsselskap blir kostnadsført i den perioden innskotet gjeld og klassifisert saman med lønnskostnader. Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordning for dei tilsette i selskapet blir ikkje balanseført. Forpliktingar og midlar knytt til kollektiv forsikra pensjonsordning blir ikkje balanseført.

## Skatt

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar er ført mot eigenkapitalen. Skattekostnaden omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoførte.

## Note 2 Driftsinntekter

Morselskap		Per verksemdsområde:	Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Kraftsal sluttbrukar	27 385 876	38 304 028
0	0	Overføringsinntekt	29 901 825	34 286 835
0	0	Abonnementsinntekt	24 466 023	21 836 103
0	0	Sal av entreprenørtenester	6 690 712	10 600 543
0	8 333	Anna driftsinntekt	60 000	3 166 654
<b>0</b>	<b>8 333</b>	<b>Sum</b>	<b>88 504 436</b>	<b>108 194 163</b>

## Note 3 Varekostnader

Morselskap		Per verksemdsområde:	Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Kjøp av kraft *	25 538 355	23 698 908
0	0	Kjøp av overføringstenester	8 178 075	11 102 328
0	0	Varekjøp	8 310 285	12 695 982
<b>0</b>	<b>0</b>	<b>Sum</b>	<b>42 026 715</b>	<b>47 497 218</b>

\* Inkludert i kraftkjøp 2020 er faktura frå kommunen knytt til konsesjonskraft med 9 mill. Tidlegare har oppgjer for dette vore tilført kommunen i form av utbytte. Beløpet er inkludert i bokført leverandørgjeld per 31.12.2020.

## Notar til rekneskapen 2020

### Note 4 Monopolverksemd

Konsernet si nettverksemd (monopolverksemd) ligg i dotterselskapet Årdal Energi Nett AS. Denne delen av verksemda er regulert og kontrollert av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Monopolverksemda er geografisk avgrensa til selskapet sitt forsyningsområde i samsvar med områdekonsesjon.

Inntektsramma er fastsett av NVE og blir oppdatert årleg. Vedtak hos NVE tek omsyn til selskapet sine kostnader, kostnadsnorm (samanlikning med referanseselskap) og nettkapital basert på referanserente, inflasjon og referansepris på kraft. I samsvar med presentasjonskrav frå NVE viser vi rekneskapsinformasjon for nettverksemda:

<b>Resultat frå verksemda:</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Nettinntekter	29 860 562	34 286 588
Andre driftsinntekter	40 000	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>29 900 562</b>	<b>34 286 588</b>
Kjøp av overføringstenester	8 179 463	11 102 328
Andre driftskostnader	21 352 758	22 371 372
Tapskostnad	554 000	2 241 162
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>30 086 221</b>	<b>35 714 862</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-185 660</b>	<b>-1 428 274</b>
<b>Bokført verdi anleggsmidlar:</b>		
Pr 01.01.	73 212 000	70 084 000
Pr 31.12.	72 748 000	73 212 000
Gj.snitt driftsmidlar	72 980 000	71 648 000
+ 1 % påslag for netto arbeidskapital	730 000	716 000
<b>Avkastningsgrunnlag</b>	<b>73 710 000</b>	<b>72 364 000</b>
<b>Avkastning i %</b>	<b>-0,25 %</b>	<b>-1,97 %</b>
<b>Meir-/mindreinntekt:</b>		
Inntektsramme	22 265 000	22 723 000
Kostnader andre nett	8 179 000	11 102 000
Tillegg for kapital	-142 000	1 005 000
Forsking og utvikling	6 000	12 000
Kilekostnader	-706 000	-555 000
ELHUB-gebyr	259 000	0
Sum tillate nettinntekt	29 861 000	34 287 000
Faktisk inntekt	30 747 000	30 910 000
<b>Meirinntekt</b>	<b>886 000</b>	<b>-3 377 000</b>
<b>Akkumulert meir-/mindreinntekt per 31.12:</b>		
Meir-/mindreinntekt per 01.01.	-3 271 000	135 000
Etterregulering av inntekt frå tidlegare år	0	0
Meir-/mindreinntekt per 01.01. (ny saldo)	-3 271 000	135 000
Meirinntekt	886 000	-3 377 000
Akkumulert meir-/mindreinntekt per 31.12.	-2 385 000	-3 242 000
Renter av meir-/mindreinntekt	-28 000	-29 000
<b>Netto meir-/mindreinntekt per 31.12.</b>	<b>-2 413 000</b>	<b>-3 271 000</b>



## Notar til rekneskapen 2020

### Note 5 Lønnskostnader, antal tilsette, godtgjeringar, lån til tilsette mm

Morselskap		Lønnskostnad:	Konsern	
2019	2020		2020	2019
57 602	97 374	Lønn	19 774 638	19 370 646
6 106	9 754	Arbeidsgjevaravgift	2 205 523	2 434 788
0	0	Pensjonskostnader	2 078 059	2 424 847
0	0	Andre personalkostnader	150 153	-128 876
63 708	107 128	Sum	24 208 373	24 101 405
0	0	Aktiverte personalkostnader	2 923 472	4 029 890
<b>63 708</b>	<b>107 128</b>	<b>Netto lønnskostnad</b>	<b>21 284 901</b>	<b>20 071 515</b>
0	0	Antal årsverk	29	34

I 2019 er deler av lønningane til administrasjonen klassifisert som andre driftskostnader.

#### Ytingar til leiande personar:

Morselskap	Dagleg leiar	Styret
Lønn	0	107 128
Anna godtgjersle	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>107 128</b>

Konsern	Løn	Anna godtgjersle
Styret i Årdal Energi Holding AS	107 128	0
Dagleg leiar Årdal Kraftlag AS, Årdal Energi Nett AS og Årdal Energi Holding AS	1 202 543	23 670
Dagleg leiar Årdalsnett AS	885 602	6 252
Styret i Årdalsnett AS	62 500	0
<b>Sum</b>	<b>2 257 773</b>	<b>29 922</b>

#### Obligatorisk tenestepensjon:

Selskapa er forplikta til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordningane i selskapet og konsernet oppfyller krava i denne lova.

#### Revisor:

Morselskap		Godtgjersle til revisor fordeler seg slik (eks mva):	Konsern	
2019	2020		2020	2019
166 900	62 500	Revisjon og revisjonsrelaterte tenester	299 450	461 100
84 000	88 750	Andre tenester	323 937	176 075
<b>250 900</b>	<b>151 250</b>	<b>Sum</b>	<b>623 387</b>	<b>637 175</b>

### Note 6 Finanspostar

Morselskap		Finansinntekter:	Konsern	
2019	2020		2020	2019
3 213 006	0	Inntekt frå investering i dotterselskap	0	0
0	339 917	Inntekt frå investering i tilknytt selskap	113 764	450 079
10	186	Renteinntekt	186 198	519 545
0	0	Anna finansinntekt	121 993	82 776
<b>3 213 016</b>	<b>340 103</b>	<b>Sum</b>	<b>421 955</b>	<b>1 052 400</b>

## Notar til rekneskapen 2020

Morselskap		Finanskostnader:	Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Tap ved sal av finansielle egedelar	0	473 416
0	0	Rentekostnad	1 039 118	949 424
0	297	Annan finanskostnad	208 947	707 040
0	297	<b>Sum</b>	<b>1 248 065</b>	<b>2 129 880</b>

### Note 7 Skatt

Morselskap		Skattekostnad:	Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Betalbar skatt	97 189	2 636 727
-27 049	-140 616	Endring utsett skatt	507 203	173 187
-27 049	-140 616	<b>Sum skattekostnad</b>	<b>604 392</b>	<b>2 809 914</b>

Morselskap		Skattepliktig inntekt:	Konsern	
2019	2020		2020	2019
2 993 664	-309 424	Ordinært resultat før skatt	1 849 522	12 087 842
-3 116 616	-329 737	Permanente skilnader	-332 036	-2 758 311
0	0	Endring i mellombelse skilnader	-3 492 899	2 737 655
0	0	Anvendt underskot til framføring	0	-82 063
-122 952	-639 161	<b>Sum skattepliktig inntekt</b>	<b>-1 975 413</b>	<b>11 985 123</b>

Morselskap		Betalbar skatt i balansen:	Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Betalbar skatt på årets resultat (+)	453 000	2 636 727
0	0	Betalbar skatt på tilbakeført underskot (-) *	-355 810	0
0	0	<b>Sum betalbar skatt</b>	<b>97 190</b>	<b>2 636 727</b>

\* Negativ betalbar skatt har oppstått som følge av den midlertidige ordninga for inntektsåret 2020, som gjev aksjeselskap høve til å til tilbakeføre underskot for 2020 mot skattepliktig overskot i 2019. Skatt til gode er ført mot rekneskapslinje for andre kortsiktige krav.

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gitt opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader:

Morselskap			Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Goodwill	546 278	733 573
0	0	Varige driftsmidlar	-4 595 228	-5 919 097
0	0	Fordringar	2 235 687	-175 329
0	0	Gevinst- og tapskonto	-55 833	-69 791
0	0	Aksjar og andre verdipapir	-462 127	-1 345 000
0	0	<b>Sum</b>	<b>-2 331 223</b>	<b>-6 775 644</b>
122 952	762 113	Underskot til framføring	2 193 252	1 522 927
-122 952	-762 113	<b>Grunnlag for utsett skatt (skattefordel)</b>	<b>-4 524 475</b>	<b>-8 298 571</b>
-27 049	-167 665	<b>Utsett skatt (skattefordel)</b>	<b>-995 384</b>	<b>-1 825 684</b>

## Notar til rekneskapen 2020

### Note 8 Immaterielle egedelar med avgrensa økonomisk levetid

Konsern	Konsesjonar, patentar ol	Goodwill	Sum
Kostpris 01.01.2020	1 639 190	936 476	2 575 666
Tilgang kjøpte driftsmidlar	0	0	0
Avgang	1 639 190	0	1 639 190
Kostpris 31.12.2020	0	936 476	936 476
Akkumulerte av-/nedskrivningar 01.01.2020	928 090	202 903	1 130 993
Akkumulerte av-/nedskrivningar på avgang	928 090	0	928 090
Ordinære avskrivningar	0	187 295	187 295
Årets nedskrivningar	0	0	0
Akkumulerte av-/nedskrivningar 31.12.2020	0	390 198	390 198
<b>Bokført verdi 31.12.2020</b>	<b>0</b>	<b>546 278</b>	<b>546 278</b>

Økonomisk levetid		10-50 år	3-7 år	3-10 år
Avskrivningsplan	Avskrivast ikkje	Lineær	Lineær	Lineær

### Note 9 Varige driftsmidlar

Konsern	Tomtar og bygningar	Infra- struktur	Transport- midlar og maskiner	Driftsutstyr og inventar	Sum
Kostpris 01.01.2020	21 740 675	210 356 874	22 914 290	10 605 572	265 617 411
Tilgang kjøpte driftsmidlar	182 424	5 629 458	1 014 377	316 883	7 143 142
Tilgang anlegg under utføring *	0	0	0	0	1 527 919
Avgang	0	7 084	0	418 641	425 725
Kostpris 31.12.2020	21 923 099	215 979 248	23 928 667	10 503 814	273 862 747
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2020	10 413 963	101 209 482	19 873 301	3 876 831	135 373 577
Akkumulerte nedskrivningar 01.01.2020	0	614 700	0	29 400	644 100
Akkumulerte avskrivningar 31.12.2020	10 660 860	106 316 130	20 494 992	5 245 114	142 717 096
Akkumulerte nedskrivningar 31.12.2020	0	614 700	0	29 400	644 100
<b>Bokført verdi 31.12.2020</b>	<b>11 262 239</b>	<b>109 048 418</b>	<b>3 433 675</b>	<b>5 229 300</b>	<b>130 501 551</b>

Avskrivningar i år	246 897	5 106 648	621 691	1 368 283	7 343 519
Nedskrivningar i år	0	0	0	0	0

Økonomisk levetid	40-50 år	30-50 år	3-20 år	3-10 år
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær

Tomtar og anlegg under utføring blir ikkje avskrive.

\* Anlegg under utføring er ikkje vist i eiga kolonne. Balanseført verdi per 31.12.2020 utgjer kr 1 527 919, som tilsvarar årets tilgang.

## Notar til rekneskapen 2020

### Note 10 Investeringar i aksjar og andelar

#### Verksemdsoversikt pr 31.12.2020

Selskap:		Forretningskontor	Anskaffingsår	Konsolidert
Årdal Kraftlag AS	Dotter	Øvre Årdal	2019	Ja
-- Årdalsnett AS	Dotter	Øvre Årdal	2001	Ja
-- Bluetec Vest AS	Tilknytt	Øvre Årdal	2020	Nei
-- Porten AS	Tilknytt	Øvre Årdal	1996	Nei
Årdal Energi Nett AS	Dotter	Øvre Årdal	2019	Ja
Seimsdal Kraft AS	Tilknytt	Øvre Årdal	2005	Nei
Offerdal Kraftverk AS		Vik i Sogn	2006	Nei

Selskap:	Eigar- og stemmeandel	Eigenkapital	Årsresultat	Bokført verdi
Årdal Kraftlag AS	100,0 %	26 345 046	-1 143 622	22 705 237
-- Årdalsnett AS	66,0 %	32 270 172	1 894 174	9 619 500
-- Bluetec Vest AS	21,4 %	645 570	-484 430	300 000
-- Porten AS	49,7 %	925 538	322 716	459 992
Årdal Energi Nett AS	100,0 %	80 343 197	1 156 363	80 743 531
Seimsdal Kraft AS	34,0 %	9 851 402	-137 174	3 348 492
Offerdal Kraftverk AS	10,0 %	27 086 671	-184 339	2 710 400

Selskap ført etter egenkapitalmetoden i konsernrekneskap	Seimsdal Kraft AS	Bluetec Vest AS	Porten AS	Sum
Inngående balanse 01.01.2020	3 836 987	0	0	3 836 987
Andel årets resultat	-46 625		160 390	113 765
Overføringar til selskapet (utbytte)	-339 917		0	-339 917
Tilgangar		300 000	283 373	583 373
Vurderingsskilnader	-101 953		16 229	-85 724
<b>Utgående balanse 31.12.2020</b>	<b>3 348 492</b>	<b>300 000</b>	<b>459 992</b>	<b>4 108 484</b>

### Note 11 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i morselskapet består av:	Antall	Pålydande	Bokført
Ordinære aksjar	100	290 000	29 000 000

Selskapet er 100 % eigd av Årdal kommune.

### Note 12 Eigenkapital

Morselskap	Aksje- kapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.2020	29 000 000	74 478 768	3 020 713	106 499 481
Årsresultat			-168 808	-168 808
Eigenkapital 31.12.2020	29 000 000	74 478 768	2 851 905	106 330 673

## Notar til rekneskapen 2020

Konsern	Aksje- kapital	Overkurs	Fond for vurderings- skilnader	Annan eigenkapital	Minoritet	Sum
Eigenkapital 01.01.2020	29 000 000	74 478 768	2 834 381	17 525 893	10 395 931	134 234 973
Avsett utbytte						0
Årsresultat			-280 637	868 591	657 176	1 245 130
Andre endringar			-91 237	-254 286	-85 892	-431 415
Eigenkapital 31.12.2020	29 000 000	74 478 768	2 462 507	18 140 199	10 967 214	135 048 688

### Note 13 Lån, pantstilling og garantiar mv.

Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:

Morselskap			Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	8 500 000	19 300 000

Gjeld som er sikra ved pant ol:

Morselskap			Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Gjeld til kredittinstitusjonar	31 340 667	34 300 000

Bokført verdi av pantsette eigedelar:

Morselskap			Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3 205 777	3 205 777
0	0	Anlegg under utføring	1 157 869	0
0	0	Linjer/infrastruktur	45 740 196	44 470 296
0	0	Driftsutstyr og inventar	5 229 300	6 280 700
0	0	Kundefordringar	951 679	378 939
0	0	Sum	56 284 821	54 335 712

Covenants mv:

Lån som er sikra ved pant ligg i Årdalsnett AS. Banken stiller krav om at bokført eigenkapital i dette selskapet til ei kvar tid skal utgjere minst 25 % av balanseførte eigedeler. Vidare skal Årdal Kraftlag AS ha eigarandel på minst 50 %.

### Note 14 Mellomverande med dotterselskap

	2020	2019
Langsiktig gjeld	0	100 000
Leverandørgjeld	0	123 451
Anna kortsiktig gjeld	1 081 683	5 000
Sum	1 081 683	228 451

### Note 15 Bankinnskott

Morselskap			Konsern	
2019	2020		2020	2019
0	0	Bundne skattetreksmidlar	867 061	965 048